

Vindafjord kommune
Rådhuset
5580 ØLEN

Vår dato: 28.06.2019
Vår ref.: 201834598-9
Arkiv: 313
Dykkar dato: 17.04.2018
Dykkar ref.:

Sakshandsamar:
Kristin Haugen
22959423/kha@nve.no

Vindafjord kommune – Søknad om løyve til auka regulering og vassuttak frå Holmavatnet - endring i vilkår - Vindafjord kommune i Rogaland - oversending av NVE sitt vedtak

Vi syner til dykkar søknad om endring av vilkår i gjeldande løyve for vassuttak til Skjold vassverk datert 13.4.2018.

Vedlagt oversender vi NVE sitt løyve til auka vassuttak og regulering av Holmavatnet med tilhøyrande vilkår. Løyvet er gitt i medhald av § 8 i vassressurslova, jf. § 28. Løyvet erstattar løyve av 31.8.2015.

Ei nærare grunngjeving for løyvet er gitt i vedlagt notat, Bakgrunn for vedtak: Omgjøring av vilkår; økt vannuttak og regulering av Holmavatnet til Skjold vannverk. Vi syner til merknader til vilkåra i dette notatet for krav til utforming av anlegget.

Vi understrekar at løyvet etter vassressurslova gjeld auka vassuttak og regulering av Holmavatnet og verknadene dette har for dei allmenne interessene i vassdraget. Løyvet gir ikkje rett til oreigning. Tiltakshavar har sjølv ansvar for å avklare dei privatrettslege forholda til ev. andre som har rettar i området.

Før utarbeiding av tekniske planar for dam kan starte, må søknad om konsekvensklasse for gitt alternativ vere sendt NVE og vedtak vere fatta. Konsekvensklassen er bestemmande for sikkerheitskrava som vert stilt til planlegging, bygging og drift, og må difor vere avklara før arbeidet med tekniske planar startar.

NVE skal også godkjenne detaljplanar for miljø. Vi syner til NVE sine rettleiarar 2 og 3 frå 2013 "Rettleiar til forskrift om internkontroll etter vassdragslovgevinga." og "Veileder for utarbeidelse av detaljplan for miljø og landskap for anlegg med vassdragskonsesjon" som er å finne på <http://www.nve.no/miljotilsyn>. Vi understrekar at anleggsarbeid ikkje må setjast i gong før planane for arbeidet er godkjent av NVE. Vi minner også om at tiltakshavar må sjå til at planane er i samsvar med kommunal reguleringsplan og/eller arealplan.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Abels gate 9
7030 TRONDHEIM

Region Nord
Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvegen. 1B
6800 FØRDE

Region Øst
Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR

Om klage og klagerett

De kan klage på denne avgjerda til Olje- og energidepartementet innan tre veker frå det tidspunktet underretninga er kome fram til partane, jf. forvaltningslova kapittel VI. Retten til å klage er avgrensa til partar (grunneigarar, rettshavarar og konsesjonssøkar) og andre med rettsleg klageinteresse (hovudsakleg organisasjonar som representerer dei interesser som saka vedkjem).

Ein klage skal grunngjevast skriftleg, stilast til Olje- og energidepartementet og sendast til NVE. Vi ønskjer elektronisk innsending til vår sentrale e-postadresse nve@nve.no.

Med helsing

Gry Berg
seksjonssjef

Kristin Haugen
senioringeniør

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

Vedlegg: Vassdragskonsesjon for økt regulering og vannuttak fra Holmavatnet, overføring av vann fra Trolltjørn og regulering av Stemmetjørn til alminnelig vannforsyning til Skjold vannverk

Bakgrunn for vedtak: Omgjøring av vilkår; økt vannuttak og regulering av Holmavatnet til Skjold vannverk

Kopi til:

Bremnes Seashore AS, Avd. Trovåg
Fylkesmannen i Rogaland
Marit Ilstad
Mattilsynet
Rogaland fylkeskommune
Tor Gunnar Skaar